



Nordhordland og Gulen Interkommunale Brannførebyggjande avdeling

NGIB
Stølen 7
5911 ALVERSUND

Direkte	Telefon	e-post
Ole Johan Ingebrigtsen	56 37 56 90	liolin@lindas.kommune.no
Frode Langeland	56 37 56 91	lifrla@lindas.kommune.no
Gjert Holtan	56 37 56 88	hogj@lindas.kommune.no
Ann-Therese Strønen	56 37 56 94	Ann-Therese.Stronen@lindas.kommune.no

Sæbø Ungdomshus
Terje Johannessen
Sæbøvegen 261
5938 SÆBØVÅGEN

Dykkar ref: Vår ref: Saksbehandlar: 18.01.2018
2017\32 Gunn-Torhild Ramslien

Tilsynsrapport

Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebyggjande avdeling (NGIB) gjennomførte branntilsyn den 06.07.2017 i Sæbø Ungdomshus .

Tilsynet vart utført i medhald av Lov av 14. juni 2002 nr 20 (brann- og eksplosjonsvernlova) § 13 andre ledd og Forskrift av 17. desember 2015 nr 1710 (forskrift om brannførebygging) §§ 14–22.

Sikkerheitsnivået i objektet er vurdert etter krav i forskrift om brannførebygging og HMS-lovgivinga.

Til stade ved tilsynet:

For eigar: Terje Johannessen
For brannvesenet: Gunn-Torhild Ramslien

Innleiing

Føremålet med tilsynet var å vurdera om eigar/verksemrd/brukar av objektet arbeider systematisk med brannsikkerheita. Frå brannvesenets side vart det lagt vekt på å foreta ein heilskapleg vurdering av alle forhold som kan påverke sannsynet for at brann bryt ut og konsekvensar av utbroten brann. Vi gjer dykk merksam på at dette ikkje er fullstendig kontroll, og at nemnde avvik og merknader (feil/manglar) ikkje er utfyllande. Det er eigar si plikt å syta for at brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter om brannførebygging jf. §§ 4–13.

Tilsynet omfattar blant anna undersøking av:

- at brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lovar og forskrifter om førebygging av brann
- at brannobjektet er tilgjengeleg og tilrettelagt for redning- og sløkkjeinnsats
- at internkontroll ved verksemda er føremålstenleg på sikkerheitsområdet
- at vedlikehaldsrutinane vert utført

Omfang

Tilsynet vart innleia med gjennomgang av tidligare tilsynsrapportar, internkontrollrutinar, brannteknisk dokumentasjon og teikningar. Deretter vart det teke ein stikkprøvekontroll på objektet, samt intervju for å verifisere at krava er oppfylt.



Oppfølging etter siste gangs tilsyn

Førre branntilsyn vart utført: 22.08.2006

Dei avvik som vart avdekka under dette tilsynet er ikkje følgt opp, utbedra eller lukka.

Dette gjeld:

Generelt

Sæbø ungdomshus er eit tre etasjars forsamlingslokale som blir leigd ut lokalt i ulike høve. Det er eit større forsamlingslokale i andre høgda, og eit mindre lokale i første høgda.

Huset er under oppussing, og kjøkkenet i første høgd vart totalrenovert i 2017 (gjennomført av fagfolk). Det vart informert om at det er god rutinar på reingjeringa av filter, men dette vert ikkje dokumentert.

Det er ikkje overnatting i lokalene.

Ved utleige er det mindre folkemengder som er samla i lokalene. Det vert informert om totalt antal personer i kvart av lokalene. Om det er større arrangement (som jonsok), er det alltid representantar frå styret med som er arrangør, og tek hand om branngryggleiken under arrangementa.

Ved utleige går eigar ein runde på huset saman med leigar, og går gjennom ulike forhold ved branngryggleiken på bygget. Denne informasjonen bør skriftleggjeras og hengjast opp, slik at leigetakar vert merksam på ansvar i forhold til branngryggleiken.

Det er mykje godt brannførebyggjande arbeidet som vert gjort ved Sæbø ungdomshus, men det manglar ein del skriftleggjering av prosedyrar og rutinar.

Definisjonar:

AVVIK:

Brot på krav fastsatt i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgivinga.

MERKNAD:

Forhold som tilsynsmyndighetene meiner det er riktig å påpeike for å ivareta helse, miljø og sikkerheit, og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

KOMMENTARAR: Utfyllande opplysningar om avvik eller funn som beskriv dei faktiske forholda ved objektet.

Avvik

Følgjande avvik vart konstatert under tilsynet:

Avvik 1

System for eller utføring av kontroll, ettersyn og vedlikehald er ikkje tilfredsstillande

Avvik frå:

Forskrift om brannførebygging §§ 5 og 10, og HMS-forskrifta § 5 pkt 7

Kommentarar:

Det manglar serviceavtale på:

- Sløkkjeutstyr
- Naudlysanlegg



Det manglar eigenkontroll (brannvernsrunde) på tekniske brannvernstiltak og tekniske anlegg som kan utgjere brannfare ved manglende ettersyn og vedlikehald.

Ved stikkprøve, visar det seg av røykvarslarane i kjellaretasjen ikkje fungerte .Det er ikkje definert kven i styret som har ansvar for oppfølging av brannvernstiltaka.

Det bør opprettas ein **brannvernsleiar**, som lagar plan for oppfølging og rutine messig kontroll av installasjonane, og vidare rettar avvika under vefs.

Avvik 2

Branninstruksane og/eller planane er ikkje tilfredsstillande

Avvik frå:

Forskrift om brannførebygging §§ 12 og 13, og HMS-forskrifta § 5 pkt 5 og 6

Kommentarar:

Det manglar:

- *Generell branninstruks.* Denne må vera godt synleg i fellesarealet
- *Intern branninstruks.* Ved uteleie må ansvarlig ha eigen instruks for evakuering, varsling og sløkking
- *Rømmingsplan.* Må være godt synleg i fellesarealet
- *Instruks for brannvernsleiar* (sjå avvik 1)
- *Instruks for uteleige.* I følgje eigar vert det informert om brannførebygging ved uteleige, noko som bør skriftleggjerast. Ved uteleige vert det levert ut ein instruks med «vilkår for uteleig», her bør brann være ein viktig del av informasjonen.

Merknadar

Følgjande forhold vart påpeika under tilsynet:

Merknad 1:

Sidan huset er frå 1938, er det lite truleg at det finnast noko grunndokumentasjon å kontrollere bygget opp imot. Utan slik dokumentasjon kan ikkje brannvernet kontrollere bygget tilfredstillande.

Merknad 2:

Det vert informert om at totalt persontall i salen oppe er 250 ståande, og 120 sitjande. I underetasjen er maksimalt antall satt til 40 personar. Sida det ikkje er dokumentasjon på bygget som seier noko om maksimal tall, kan eigar sjølv måle opp lokalet for å finne maksimalt antall (jamfør byggeteknisk forskrift §11-13). Det skal være synleg oppslag om maksimalt personal i forsamlingslokale.

Oppsummering/avsluttande møte

Ved oppsummeringsmøtet vart dei registrerte avvik og merknader gjennomgått.

Det var einighet om at eigar/verksamd/bruker finn løysing for å retta opp avvik som er gitt i rapporten.

Attendemelding

Med tilvising til forskrift om brannførebygging jf. § 18 og retting for myndigheitsutøving ved tilsyn utført av brann- og feiarvesen, ber brannvesenet om ein skriftleg attendemelding med framdriftsplan som syner korleis og når påpeika avvik vil verta retta. Framdriftsplan skal sendast innan 5. mars 2018 til:



Nordhordland og Gulen Interkommunale Brannførebyggjande avdeling

**NGIB Førebyggjande avdeling
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ**

Med førebyggjande helsing

**Nordhordland og Gulen interkommunale
brannførebyggjande avdeling**

N G I B

Brannsjef

i

Radøy kommune

Gunn-T Ramslie

Gunn-Torhild Ramslien

Stein Ov Valdersnes

Stein Ove Valdersnes